

Frå blodstemming til stamceller – folketru og vitskap i Vestnes seniorakademi til hausten

Vestnes seniorakademi startar opp igjen som vanleg til hausten, men med smitteverntiltak i lokalet i Myra kulturbygg. Programmet spenner breitt, frå blodstemming og kontakt med det overnaturlige i bygdene våre til moderne bioteknologi og kva framtid vi skaper for barna i verda. Vi får slik tre ulike tema med fokus på fortid, nåtid og framtid, alle aktuelle også i dag.

Seniorakademiet åpnar 2. september med eit emne frå aktuell bioteknologi. Seniorrådgjevar Caroline Bianchi Strømme i Bioteknologirådet vil fortelje om ***Stamceller – redning for sviktende hjerter og aldrende hjerner?*** Stamceller er ‘urcella’ som kan gje opphav til andre meir spesialiserte celletypar i kroppen. Stamcellene har slik moglegheita i seg til å gå inn og erstatte døde eller utslitne celler i dei ulike livsviktige organa våre, og kanskje lage nye organ. Teknikken er alt teken i bruk mellom anna i kreftbehandling, og forskarane arbeider intenst med bruken av stamceller ved fleire sjukdommar. Men om moglegheitene stamcellebehandling gir er store, fører stamcellebehandling også store utfordringar med seg både medisinsk, for samfunnet, og etisk. Caroline Bianchi Strømme vil gje oss ei innføring i arbeidet med stamceller og ei oversikt over feltet, som er i ferd med å revolusjonere delar av medisinsk behandling og som gir nytt håp til mange.

Odd Sørås, no pensjonist, er velkjent som tidlegare medarbeidar i NRK Møre og Romsdal. Han er ein solid lokalhistorikar og ein populær skribent og kåsør, og har publisert mange artiklar og bøker med lokalhistorisk stoff frå Vestnes og Møre og Romsdal. Mellom anna ga han i 1998 saman med Richard Bergh ut boka ‘*Møte med det gåtefulle*’. På møtet 7. oktober vil han underhalde oss med foredraget ‘***Den andre sida - gjenferd, blodstemming, tussar og trolldom i bygdene våre***. Vi får høyre om dei underjordiske, om heksetru, og frå grenselandet mellom folkemedisin og det overnaturlige. Og kva veit du om han Anders på Vikhjella?

Miljø, økonomi og framtida for verdens barn er temaet som professor Ove D. Jakobsen frå Nord universitet i Bodø vil avslutte foredragshausten med den 4. november. Jakobsen vil ha eit samfunn som ikkje er basert på økonomisk vekst og aukande forbruk. Veksten kan ikkje halde fram i det uendelege, fordi det er ei grense for ressursane på jorda, og klimaendringane er ein alvorleg trussel. Jakobsen vil ha eit samfunn som byggjer på samarbeid og fellesskap, og som tek vare på menneska – ikkje minst er det viktig å gjere lokalsamfunna til levande og livskraftige stader å bu. Folk på grasrotnivå må sjølve bestemme kva slag samfunn vi ønskjer å ha i framtida, i staden for å høyre på ekspertar som fortel oss korleis det vil bli. Seniorakademiet kan vente seg ei fargerik og uortodoks framstilling av korleis vi må forandre økonomien og ta vare på naturen for at verdas barn skal få oppleve det gode liv, bygd på rettferd for alle, fellesskap og samhandling i staden for aukande forbruk, privatisering og konkurranseutsetting.

Og som vanleg – skulle ein foredragshaldar få forfall, har Seniorakademiet ein lokal foredragshaldar i reserve, med eit tema som får vere ei overrasking.

Etter foredraget 2. september vert det halde årsmøte i Seniorakademiet. Saker til årsmøtet må vere komne inn til styret seinast fire veker før møtet. Saklista blir publisert på heimesida til Seniorakademiet.